

Til Spania for å læra meir om byggjing

16.04.2009



Håvard S. Eik og Jørjan Bringedal, her framfor nybygget til KVV, er klare for tre lærerike veker i Spania. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag dreg to uskedelingar som skal bli tømrarar til Alfås Del Pi i Spania for å læra meir om det faget dei har vald som framtidig leveveg. Håvard S. Eik (18) og Jørjan Bringedal (17), som bur på Steinsletto og Korsnes, kjem først att etter tre veker . Dei skal vera ved Middelhavets solvarme strender saman med 12 andre elevar på VG2 byggeteknikk, populært kalla tømrarlinjo. Sidan 2000 har andreklassingane hatt opphold i Alfås Del Pi.

- For det blir vel ikke berre læring og jobbing, spør Uskedalen.no gutane i midt-timen - framfor eit stort byggjeprosjekt - nybygget til KVV.

- Vi veit at det i helgane blir utfluktar mellom anna til storbyen Valencia og til ein fjellandsby. Men når det gjeld sjølve jobben vi skal gjera veit vi fint lite, vi har berre hørt at nordmannen Helge Y. Andersen som driv byggjefirma der nede skal ta seg av oss og skaffa oss arbeid.

Men vi reknar jo med at oppgåvene vil skilja seg gaanske mykje frå dei vi har til dagleg i Kvinnherad. Vi vil ikkje berre møta ein annan kultur, men også ein annen byggjekultur. Dei brukar til dømes nesten ikkje tre i Spania, berre mur, og vi kjem til å læra andre teknikkar enn dei vi er vane med, seier dei to.

Håvard og Jørjan har alltid vore interesserte i praktisk arbeid og dei bygde mykje i lag då dei var yngre - til dømes hytte i eit tre på Steinsletto!. Dei dreiv også med sykkelmekking. Og dei har tydelegvis aldri vore i tvil om kva for ein yrkesveg dei skulle slå inn på.Tømrarlinjo har 24 elevar delt på to klassar no og med unnatak av ein tysnesing kjem alle frå Kvinnherad. Det er også tre jenter i klassa.

- Det er dei beste som er plukka ut til å bli med til Spania, eit av krava er at dei som drar skal ha bestått i alle fag, fortel Håvard og Jørjan. Også to av jentene er med i gruppa som dreg.

Gjennom dei snart to åra på tømrarlinjo har dei to uskedelingane vore med og bygt eit heilt naust frå grunnen av - i området Husnes/Sunde/Valen. Men dei har også vore med og bygt garasjar og laga dekke for den nye båthamna i Rosendal.

Med andre ord har dei ein allsidig ballast når dei no dreg til Spania for ytterlegare 'påfyll' av kunnskapar.

Av Ola Matti Mathisen